



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Finansministeren

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
20/3213 -

Dato
05.05.2020

Svar på spørsmål nr. 1448 fra stortingsrepresentant Hadia Tajik om provenyeffekten pr år, og over tid, av dei ulike framlegga til endringar i skatteregimet frå Norsk olje og gass

Eg viser til brev 28. april 2020 frå Stortingets president vedlagt følgjande spørsmål til skriftelig svar frå stortingsrepresentant Tajik.

Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til finansministeren:

Kva er provenyeffekten pr år, og over tid, av dei ulike framlegga til endringar i skatteregimet frå Norsk Olje og Gass, dvs. ein separat kostnadsberekning av deira forslag 1), 2), 3) og 4), og i kva grad vil desse – åleine eller ilag- bidra til å sikre jobbar, sikre staten inntektar og bidra til klimavennlege investeringar?

Begrunnelse:

Den økonomiske situasjonen er svært krevjande for olje-, gass- og leverandørindustrien. Norsk Olje og Gass har gjort framlegg om skatteendringar, som er omtalt på side 11 her:

<https://www.norskoljeoggass.no/contentassets/3273416fb77a4e05966b5aa630a9b18b/skatteforslag.pdf>. Med «over tid» i spørsmålet vert det sikta til same tabell som vist i svar på budsjettspørsmål 25 frå Frp.

Svar:

Eg viser til svar på spørsmål nr. 1424 frå stortingsrepresentant Åsmund Aukrust. I dette svaret framgår provenyeffekta av Norsk olje og gass (Norog) sine forslag 1) og 4) når det gjeld åra 2020 og 2021. Dette er samla effekt av desse to forslaga, og departementet har ikkje grunnlag som gjer det mogeleg å skilje mellom dei. Som det framgår i svaret har departementet ikkje grunnlag for å anslå effekter av Norogs forslag med verknad for åra etter 2021, dvs. forslag

2), 3) samt 4) når det gjeld åra etter 2021.

Provenyeffekta av Norog sine forslag for investeringar pådratt f.o.m. 1. januar 2020 t.o.m. 31. desember 2021 samt utbetaling av underskot for desse to åra framgår av svaret på spørsmål nr. 1424 frå stortingsrepresentant Aukrust. Provenyeffekta fordelt per år framgår av tabell 1.

Tabell 1: Anslått provenyendring per år av Norogs forslag om forserte frådrag for investeringar pådratt f.o.m. 1. januar 2020 t.o.m. 31. desember 2021 og utbetaling av skatteverdien av underskot for åra 2020 og 2021, samanlikna med vedteke budsjett for 2020. Dette inkluderer ikkje effekta av Norogs forslag som strekkjer seg ut over 2021. Mill. løpande kroner

	Bokført
2020	- 42 500
2021	- 70 000
2022	- 10 000
2023	+ 35 000
2024	+ 33 000
2025	+ 30 000
2026	+ 21 000
2027	+ 7 000

Departementet har ikkje anslag for kva Norogs forslag ville bidra med for å sikre jobbar, sikre staten inntekter og bidra til klimavennlege investeringar. Regjeringa offentleggjorde sine forslag til omstillingsstøtte for oljenæringa den 30. april., jf.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/finansministerens-innledning-til-pressekonferanse-30.-april/id2700562/>. Forslaget vil verte lagt fram i ein proposisjon til Stortinget den 12. mai.

Med helsing

Jan Tore Sanner